


ÅRSMELDING 2015

FJOTLAND SOKN



Årsmeldinga er vedtatt av Fjotland sokneråd sak 005/16, 02.03.2016



A.INNLEDNING

Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2015

Oppgåvene for eit sokneråd er mange og viktige. Dette er m.a. kva kyrkjeloven uttrykkjer er soknerådet sine oppgåvar: *«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.*

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

Med dette som bakteppe kan ein godt tenkja at her blir oppgåvene nærast uendelege. I Fjotland er det mange frivillige og ansatte som er med på å ta ansvaret for desse oppgåvene.

Gudstenesteliv

Soknerådet ser på gudstenestene som eit svært viktig arbeid i kyrkjelyden. Sokneråd og gudstenesteutval saman med prest jobbar mot å gjera gudstenestene levande, inkluderande og styrkjande. Det er eit mål å auka gudstenestedeltakinga. Me ser at når det blir invitert til utdelingar og anna kjem mange av dei inviterte.

Kyrkjerommet har fått ein lysglobe. Den blir brukt i Kveldsbøn og elles i gudstenestene.

Kveldsbøn

Dette året har me halda fram med Kveldsbøn,. Konseptet med kveldsbønn, som er ei kort samling ein onsdag i månaden, kan ein finna langt tilbake i tid. Innhaldet i samlingane våre er veksellesing, korte betraktningar over ulike emne og salmesang.

Adventsamling Netlandsnes

Me vil og i denne årsmeldinga særleg nemna adventssamlinga på Netlandsnes. Den blei starta som eit alternativ til lysmessa og blir nok ein tradisjon me har lyst til å halda fram med. Oppslutninga har vore god og tilbakemeldingane likeså.

Diakoni

Kyrkja definerer diakonalt arbeid svært vidt. Det omfattar alt arbeid som gjev hjelp, støtte og omsorg til menneske i alle aldrar.

Arbeidet me har gjort med å lage sosiale treff etter gudstenester kan definerast som diakonalt arbeid. Ordninga med kyrkjeskysst held me òg fram med, og det fungerer greitt. Eit anna diakonalt arbeid me driv er andakt på Fjotlandsheimen

Konfirmantane deltok i Fasteaksjonen.

I 2014 blei det òg vedteke å årleg dele ut ein diakonipris i kvart sokn. Dette året var det Tove og Odd Terje Helle som fekk prisen. Me er veldig takksame for arbeidet dei driv for barn (barnekoret) og ungdom (heimegruppe for konfirmantar og KRIK). Det opplevest godt og nyttig å ha slike positive menneske rundt oss.

Aktivitetar

I 2015 hadde me ulike arrangement knytta til gudstenestar. Me hadde utegudsteneste ute ved kyrkja. Me hadde òg akedag etter gudsteneste i vinter. Desse arrangementet var barne og ungdomsutvalet med å arrangera.

I april arrangerte me konsert med Sverre Eftestøl i Netlandsnes kapell. Det blei ein flott konsert der me i tillegg til Sverre fekk høyre harpespel ved Johanna Nousianinen og song av Torhild Nygård Larsen.

I desember arrangerte Kvinlogsjentene julekonsert. Dette er ein konsert som er svært populær og som dreg mange menneske til Fjotland.

Soknerådet arrangert fest for konfirmantane.

Bispevisitas

Bispevisitasen blei ein stor begivenhet for alle dei tre menighetane i Kvinesdal. Visitasen var godt førebudd med felles møter i dei tre menighetane. Biskop Stein Reinertsen skulle besøka Kvinesdal den første veka i september. Tysdag 1.september kom han til bygda vår. Me hadde i programmet lagt vekt på at arrangementet skulle treffa alle. Biskopen besøkte Fjotland omsorgsenter, skulen vår, var på besøk på garden til May Britt og Ole Helle. På kvelden arrangerte me samling på bedehuset der elevar frå skulen var med og song. Av andre aktivitetar me hadde kan nemnast hoppeslott i gymsalen, linedance ved prost Hilde og volleyballkamp i parken mellom soknerådet og konfirmantane. Biskopen var med på konfirmantane sitt lag. Kvelden blei avslutta med treff for alle tre «sokneråda» i kyrkjestova på Fjotland og Kveldsbønn. Det blei ein flott dag og me ser tilbake på denne dagen med gode minne. Heile visitasen blei avslutta med felles gudsteneste i Kvinesdal. Biskop Stein Reinertsen fekk sjå ei bygd og kyrkjelydar med mye god aktivitet og arbeid.

Val

Valet i september blei som vanleg krevande når det gjeld arbeidet med å finna kandidatar som var villige til å arbeida i soknerådet. Me endå opp med ei kort liste med flott og engasjerte damer. Alle som stod på lista blei vald og me ser fram til fine år med mye godt arbeid.

Andre ting

Soknerådet har jobba noe med planar for å utvida/rennovera kyrkjestova. Dette arbeidet blir halde fram med og fellesrådet har sett av midlar til arbeidet.

Presten vår, Reidulf Ljøkjell, gjekk ut i permisjon 1.oktober. Det er svært utfordrande for ein kyrkjelyd. Heldigvis har Sigurd Skjelsbæk stilt opp og fylt rolla på ein god måte.

Til slutt vil me takka alle som bidreg , kvar på sin måte.

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Til 1. nov. 2015 Marit Homme(leiar), Ellinor Stakkeland, Tom Arnold Lindefjeld, Signe Brith Breimoen, Elise Orre, Hilde Kristine Narvestad, varamedlemmer: June Bergeslien, May Britt Tønnessen Netland

Nytt råd frå nov.2015 Marit Homme, Birgitte Kvinlaug, Elise Orre, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk, Heidi Risnes.

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 7 møter og behandla 26 saker.

GUDSTJENESTEUTVAL

Inger Johanne Fjotland, Elise Orre, Marit Homme, Signe Brith Breimoen, Galib Mammadov, Birgitte Kvinlaug, May Britt Helle, Reidulf Krossli Ljøkjell

Frå nov.2015 Lovise Egeland Versland, May Britt Helle, Sissel Eftestøl Harbakk og Judit Kvelland Rogstad

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Marit Homme og Birgitte Kvinlaug, vara Sissel Harbakk og Heidi Risnes

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

TROSOPPLÆRINGSUTVAL

Odd Terje Helle (leder), Lovise Versland, Andrea Røynestad og Solfrid Therese Rafoss

FELLES DIAKONIUTVALG

Kvinesdal: Sigfrid Nordhelle- **Feda:** Mariann Kvinlaug, Torbjørg Eikeland, vara.-**Fjotland:** Signe Brith Breimoen, Tom Arnold Lindefjeld, vara.- **Faste medlemmer:** Lene Lovise Holgersen og Per Øistein Rogstad

Nåværende utvalg er: **Kvinesdal:** Tove Marit Opsahl, Sigrid Nordhelle, **Feda:** Torbjørg Liavåg Eikeland, **Fjotland:** Lovise Egeland Versland.

MENIGHETSBLADET TREKLING(Felles):

Leiv Gunnar Skiftun (red), Torhild Meland, Arnold Omland, Merete Breimoen og Elisabeth A. Overå fråtadde redaksjonen i løpet av året.

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Feda og Fjotland: Reidulf Krossli Ljøkjell , vikarprest Sigurd Skjelsbæk frå okt.15

Sokneprest i Kvinesdal: Leiv Gunnar Skiftun

Diakon: Lene Lovise Holgersen

Trosopplæring: Cathrine Rafoss Agedal

Organist: Galib Mammadov og Sverre Eftestøl

Kyrkjeverge: Per Øistein Rogstad

Adm. sekr: Turid Nedland

Sekretær: Sylvi Vatland

Kyrkjegardsarbeidarar: Djoerd Van Kammen og Svein Tore Stegemoen
 Kyrkjetener i Fjotland: Frå november Rahela Daschevici
 Kyrkjetener/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell ,Tor Alsvik, Jenny Alsvik
 Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar
 Rengjøring utført av Rut Melve Kvåle

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER GUDSTENESTENE

År	2011	2012	2013	2014	2015
Antall gudstenester	36	38	38	38	35
Gj.snitt gudstenestebesøk	83	70	59	62	65
Gj.snitt nattverdgjester	31	34	26	19	28
Samla offergåver	80605	83561	69709	81343	99335
Dåp	11	10	9	6	11
Konfirmerte	6	9	8	11	6
Vielser	4	3	4	6	1
Gravferd	8	6	7	7	6

D. TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det har vært ein skule/barnehagegudsteneste i Fjotland kyrkje.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skuespill, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og de tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Barnehagen på Kvinlog var med på julevandring.

BABYSANG

Babysang er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysang er på menighetscenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom mellom ca. 40 babyar med mødre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysang.

LYSVAKEN

Lysvaken blei ikkje gjennomført dette året, då det var for få påmelde. Vi satsar på å ha eit arrangement for denne aldersgruppa våren 2016.

TÅRNAGENTAR

Det var ikkje Tårnagenthelg i Fjotland dette året.

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Kvart år i juni er Heilt på jordet festivalen – ein kristen familiefestival. Festivalen har eigen komite som arbeider med festivalen.

I 2015 ble Heilt på jordet arrangert 6. juni. Det var i underkant av 1000 besøkande på festivalen.

BETWEEN OK

Hadde 18 betalande medlemmer i 2015, då medrekna juniorledere frå ungdomsskulen. Samlast Annankvar tysdag på Kvinlog bedehus. Samlingane varer halvannan time:

Andakt, leiker, konkurransar og spill. Kvar vår har me basar til inntekt for Barnas misjonsprosjekt i regi av NLM.

KONFIRMANTARBEID

Konfirmantkullet 2014/2015

Seks flotte konfirmanter ble presentert for Fjotland kyrkjelyd 14. september med konfirmasjon i Fjotland kyrkje 1. pinsedag 24. mai.

Undervisningsopplegget for dette konfirmantkullet bestod av vanlig undervisning, samling i hjemmegrupper, praktisk diakonal oppgave samt deltagelse på KRIK.

Den vanlige undervisningen hadde vi hovedsakelig i Fjotland kyrkje, men enkelte samlinger ble også holdt i kyrkjestova. Nytt for dette konfirmantåret var det også at vi startet undervisningen likt fra gang til gang med en liturgisk åpning. Før selve undervisningen tok til laget vi til et enkelt måltid mat til dem., det var nok nødvendig etter lang dag på skolen.

Nytt for dette konfirmantkullet var leiren som vi hadde endret ganske mye på fra tidligere.

Leiren ble flyttet fra januar til oktober og i fra Liland til Lista flypark og Flippside. Vi fikk til en flott leir med undervisning, sosialt, tilbud om varierte aktiviteter samt besøk av Ruben Gaski med show på lørdagskvelden. I stedet for at vi lederne laget til mat og hadde oppvasken, kunne vi da gå til ferdig dekket bord.

Konfirmantutvalget var med å planla konfirmantleiren også for dette året. Uten dette utvalget hadde det vært vanskelig å få til konfirmantleir

Konfirmantene fra Fjotland kyrkje dro på Konfirmantleir sammen med konfirmantene fra Fedas og Fjotland menighet.

Hjemmegrupper er en viktig del av undervisningen. Disse hjemmegruppene hadde ansvaret for å være medliturger på en gudstjeneste i løpet av konfirmasjonstiden. Tove og Odd Terje Helle hadde hjemmegrupper. En stor takk for at dere prioriterte denne viktige oppgaven!

Den praktisk diakonale oppgaven som konfirmantene var med på var KNs fasteaksjon som bøsseinnsamlere. Noen av foreldrene var med som sjåførere. Takk til foreldre og konfirmanter for god innsats! Marit Homme la veldig godt til rette alt det praktiske med fasteaksjonen, en stor takk også til Marit! Vi kan si oss fornøyd med et resultat på kr 13.455,-

Konfirmantåret ble avsluttet med «Konfirmantenes gudsteneste» der vi form av en gudsteneste fylt med ulike scener og bilder fikk innblikk i hva kristen tro og liv handler om, en kjempeinnsats av konfirmantene. Etter gudstenesten ble konfirmantane med familie invitert av Fjotland sokneråd til fest på Fjotland bedehus

Til slutt, takk til flotte konfirmantar som bidro til at vi fikk eit flott konfirmantår sammen!

Konfirmantåret 2015/2016

6 konfirmanter ble presentert på gudstjenesten 30.august., Det er prost Hilde Sirnes som har undervist konfirmantene etter at Reidulf Krossli Ljøkjell gikk ut i permisjon 1.okt. Konfirmantene deltok på høsttakkefesten og på Lysmesse sammen med Sigurd Skjelsbæk. Det har vært en utrolig flott gjeng, undervisningstimene har vært i kyrkjestova. Konfirmantane i Fjotland deltok og på konfirmantleir. Dei uttrykker og at heimegrupper er veldig bra. Takk til Tove og Odd Terje Helle.

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenhver fredag kl 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagte samlinger finnes på www.kvinlogbedehus.no. Samlingene er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsomme stafettar, konkurransar og ballspill. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avslutter med en konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gikk.

MISJONSPROSJEKT

Fjotland sokn har støttet misjonsprosjekt til NMS – Innvandrarbeid i Paris.

D. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokneråd

Disposisjonsfond pr. 01.01.2015	110 761
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	15283
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Disposisjonsfond pr. 31.12.2015	126044

Overskuddet fra 2014 var på 34.215, av dette ble 18.932 vedtatt brukt til innkjøp av stolar til Netlandsnes kapell og lysglobe til Fjotland kyrkje. De resterende 15.283 ble lagt til disposisjonsfondet.

Disposisjonsfond kyrkjetekstilar

Disposisjonsfond pr. 01.01.2015	4 520
Avsatt til disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Forbruk av disposisjonsfond i driftsregnskapet	0
Disposisjonsfond pr. 31.12.2015	4 520

Rekneskapen hadde eit mindreforbruk for soknerådet (overskot) for 2015 på kr 22274,72

Ofringar og gaver (tall for 2014 parantes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 20.487 (24.882)
Kyrkjeofringar til andre	kr 47.872 (50.461)
Fasteaksjonen	kr 13.455 (13.0381)

TREKLANG

ÅRSMELDING 2015

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2015 (2014 i parantes) med i alt 5 (5) nummer med 124 (120) sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Redaksjonen setter pris på innspill fra leserne på stoff de ønsker at det skrives om.

Bladet trykkes i flerfarge-trykk på Bergens Grafiske. Samarbeidet med trykkeriet har vært forbilledlig. Til jul 2014 kom bladet ut i nytt format, noe en holdt fast ved i 2015.

Redaksjonen har i 2015 har bestått av Leiv Gunnar Skiftun (red), Arnold Omland, og Torhild Meland. Merete Breimoen og Elisabeth Overå trådte ut av redaksjonen i løpet av våren, og en har ennå ikkje fått inn nye i redaksjonen. I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Mariell Hovdhaugen var **grafisk medarbeider** for de fire første nummerene. Da ble hun avløst av Per Øistein Rogstad.

Merkantilt ansatte ved kirkekontoret har hatt regnskapsansvar og sendt ut brev til annonsører.

Regnskapet blir ført under Kvinesdal Menighetsråd og revideres sammen med menighetsrådets regnskap. Regnskapet for 2015 viser et **overskudd på kr 47.826 (31.045,76)**. Trykke-kostnader var kr. 80.113 (100.500), mens porto var 35.909 (32.804). En har derfor ikke behøvd å bruke av bladets driftsfond, som er på rundt kr. 149.000.

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 101.825 (114.000), samt renter og annonser fra næringslivet kr. 72.219 (55.000). Per Øistein Rogstad gjorde ved årets begynnelse et flott arbeid med å skaffe flere annonsører.

Hovedsaken i 2015 var bispevisitasen i september. Høstens kirkevalg fikk også bred omtale. Andre større saker var Ingvar Olimstad, som fortalte om en tur til Nepal, om historikeren Per Seland og om salmebokprosjekt i Nepal. Ellers har folk med engasjement fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

For redaksjonen:

Leiv Gunnar Skiftun

redaktør

HEIMESIDA

Fellesrådet i Kvinesdal har eigen heimeside. Nettsida har adresse www.kvinesdal.kirken.no og har både sentral og lokal informasjon. Nettstaden blei oppgradert i juni 2013, og framstår nå langt meir oppdatert. Lag og foreningar er velkomne til å få lagt inn opplysningar om seg sjølv og egne arrangement. Stoff som ønskes inn på nettsida, kan sendes på e-postadressen tnedland@kvinesdal.kirken.no.

Fjotland kyrkje har også facebook side.